

# Velkommen til Datalinja på Voss Folkehøgskule

Gratulerer med valet og plassen ved Voss folkehøgskule for skuleåret 2021-2022! I dette brevet får du praktisk informasjon, slik at du best mulig kan førebu deg til året og opplevingane som kjem!

Eit år på folkehøgskule er ei unik oppleving. Du kjem i nærkontakt med 130 andre menneske, de bur saman, de et saman, de reiser saman, de studerer saman. Det er eit år med eventyr, læring og nye venner. Som dataelev vil du få mange morosame opplevingar som: LAN, sosial utvikling, paintball, turar, programmering, gaming og faglege prosjekt.



## Utstyr og fasiliteter

- VR, arkadmaskin, 3d printers, kamera, server
- Du får tilgang til Adobe Creative Suit Photoshop, Premiere, Illustrator, etc.
- Årskort på Voss Resort og Voss Gondol
- 3 flygningar i vindtunnelen
- Kinosal
- Gymsal og moderne treningsrom
- Bordtennis, brettspill og biljard
- Musikk og innspelingsstudio

## Datalinja

På data har de eit eige klasserom med eiga datamaskin. Dette vil vera eit viktig knutepunkt for ditt faglege og sosiale fellesskap. Vi skal jobba med mange kjekke fag som programmering, webutvikling, spillutvikling, design og 3d. Du vil få innblikk i mange ulike datafag som vil vera med å auke din digitale kompetanse. Den raude tråden gjennom året er programmering, og vi vil ta eit djupdykk i koding for å få eit godt grunnlag for vidare studiar. Vi byrjar å koda frå grunnen av i programmeringspråket C#.



## Studietur

Saman skal vi reise på ein studietur i Norden. Der samhald, glede og eventyr skal stå i fokus. Gitt den noverande situasjonen verda er i, er det ikkje lett å planlegga kvar og korleis vi skal reisa - men vi kan garantera at turen vi reiser ilag på vil vera eit av høgdepunkta under året ditt her på Voss Folkehøgskule. Litt ekstra smitteverntiltak må me nok ta omsyn til.



## Avsluttande ord

Dette vil vera eit år som har personleg utvikling i fokus. Det gjer deg moglegheita og fridommen til eigne initiativ og prosjekt. Vil **du** setja opp ein streamingkanal?



Vil **du** starta di eiga frilansverksemd? Vil **du** utforska maskinlæring? Vil **du** lære eit andre programmeringsspråk? Det vil vera eit år der **du** kan ta deg tid og fridom til å utforske - Det er kanskje her du vil finne den store lidenskapen din innan datafaget?

**Ta gjerne kontakt om du lurar på noko. Vi gleder oss til å treffe deg i august og ser fram til eit flott år saman!**

**Med vennleg helsing**

**Bjørn Slettemark**

*Linjelærer Data*

[Bjorn.slettemark@voss.fhs.no](mailto:Bjorn.slettemark@voss.fhs.no)

451 90 459



# Utstyrliste Data 2021-22

Av teknisk utstyr treng du

- Laptop eller stasjonær til undervisning. Me har plass til to skjermar per elev.
- Nettverks- og strømkabler
- Headset
- Gamingstol (valfritt)

Utstyr til turer og aktivitet

- Gode tursko
- Regn/vindjakke og bukse til turar
- Ull undertøy
- Vottar og hanskar til haust og vintervêr
- Treningskler til gymsal og treningsrom
- Tursekk
- Badekle
- Sovepose
- Slalâm / Alpinski (valfritt)

